



Arkoconsult AS
Postboks 103
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/14029 - 22/52765

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
27.06.2022

Vi treng fleire opplysningar før vi kan behandla søknaden - gbnr 137/109 Alver

Tiltak: Bustadblokker
Byggjestad: Gbnr: 137/109
Tiltakshavar: Hordaland Byggutvikling AS
Ansvarleg søkjar: Arkoconsult AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad om mellombels bruksløyve for tiltak på gbnr 137/109 den 13.06.2022.

Vi treng meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at han ikkje er fullstendig.

Teknisk infrastruktur som er knytt til tiltaket er godkjend etablert i vedtak datert 19.07.2019 i sak 19/1900. Det er gitt mellombels bruksløyve for del av tiltaket i vedtak datert 18.10.2020. Vass- og avløpsanlegg og avkøyrsla f_KV4 er ikkje omfatta av vedtaket.

Kommunen kan ikkje gje mellombels bruksløyve for bustadblokker slik det er søkt om før infrastruktur som er nødvendig for tiltaket er ferdigstilt.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **15.08.2022**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Arkoconsult AS	Postboks 103	5291	VALESTRANDSFOSSE
Hordaland Byggutvikling AS	Stølen 26A	5911	N ALVERSUND